

Til Meland kommune.

Ådland 30.09. 2014.

Planavdelinga.

### Innspel til arealdelen i kommuneplanen.

Kommuneplanen er nå på høyring og eg har vurdert planen sin areal del som gjeld min eide dom gnr. 37 bnr. 4 på Ådland.

Ved sjøen her er det integra eit naust og marinaområde nemnd som NA 20 i planframlegget..

I tillegg til eksisterande anlegg er det her gjeve framlegg om bygging av 3 nye naust.

I planen er det ikkje synt i detalj kvar dei 3 nausta kan plasserast. Dersom ein føl planframlegget er einaste plassen å plassere desse nausta på nordaustsida av den halvøya eller tangen som byrjar med mitt naust på hovudbruket og som strekkjer seg fram til naustet på enden av tangen dvs. gnr. 37 bnr. 43. Denne tangen går bratt opp frå sjøen på begge sider med høgste topp 7-8 m over sjøen. Denne tangen er ein markert formasjon mot sjøsida som vil bli øydelagd ved naustbygging. Tangen bør derfor behalda sin nåverande form og bruk.

Eg er svært interessert i at det vert bygd naust på min eide dom med då at to av dei blir plassert inn i vika som er på vestsida av denne tangen. Nausta her vert plassert slik at dei strekkjer seg frå tilkomstvegen til mitt naust og ut i denne vika. Det er ein fjellnaus i sjøen som her må utplanerast ved bygging av nausta. Elles vert det lite naturinngrep og nausta på 8 m x 5m vil gli fint inn i terrenget. Eg er klar over at tilfot til nausta med båt stort sett berre vil kunne skje ved flo sjø, men med den bruken desse nausta er tenkt er det fullt ut tilfredstillande for brukarane.

Med bakgrunn i ovanforståande kjem eg derfor med følgjande endring til planframlegget.

1. Storparten av tangen vert LNF-område og skal såleis endrast frå naustområdet i planframlegget til LNF-område og bruken vert derfor uendra i høve til i dag. Merka med enkel skravur og grøn farge.
2. Naustområdet der det vert plassert to nye naust er ein utviding av planframlegget. Det som går inntil tilkomstvegen til mitt naust på 37/4 og ut mot grensa til fellesarealet som ligg på gnr. 37 bnr. 1-5 og til mitt grensepunkt ved sjøen på vestsida av tangen. Merka i vedlagd kart med dobbel skravur og brun farge og der nausta er merka med raud farge.
3. Naustområdet i sjøen er utvida til deler av sjøen som går inn i vika vest for tangen. Merka med dobbel skravur og blå farge.

Samla tal nye naust i dette området vert to stk. Det kan vera mogeleg å plassere det tredje naustet andre stader i merka naustområdet i planframlegget utan at eg har tatt stode til kvar. Tal nye naust i området vert då 3 stk. slik som planframlegget.

Ved dette framlegget vil eg som grunneigar få ein mykje betre løysning enn planframlegget. Ein vil unngå å få store inngrep i sjøområde som er godt synleg frå sjøsida. Samstundes vil ein ta vare på det fine naturområdet som denne halvøya/tangen har. Plasserte naust vil gli fint inn i terrengen og vil ikkje vera synleg frå sjøsida frå aust.

Eg ber derfor om at mitt framlegg vert tatt omsyn til og at planframlegget for dette Naust og marinaområdet vert endra i samsvar med det.

Mvh.

Kent Roy Gullaksen

*Kent Gullaksen*

Vedlegg 1 kart i M= 1:1000.

07.10.14

Tillegg til merkenad  
Viser til møte med Kristin Nærmoel  
der vi gjorde ein liten justering på  
kanteljer à Jå her til à bygge  
eit naust i vika. Dette er svært  
eigentlig eit godt  
eigentlig areal for naust.  
Viser til kart

*Kent Gullaksen*

Framlegg tilendring av plangrense

